



Sunnhordland Kraftlag
Postboks 24
5401 STORD

Dato: 23.02.2017

Vår ref.: 2016/7151-5

Saksbehandlar: torslin

Dykkar ref.:

Att. Magne Andresen

Høyring av søknad om konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Litledalen - Etne kommune - Resultat etter arkeologisk registrering

Viser til høyringsbrev datert 07.07.2016 med søknad om konsesjon i ovanfor nemnde sak, fråsegn frå Hordaland fylkeskommune datert 26.10.2016, og tidlegare korrespondanse knytt til krav om arkeologisk registrering. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern.

I perioden 24. - 27.10.2016 gjennomførte Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering i tiltaksområda. I dei aktuelle areala blei det ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kan bli råka av tiltaka, og resterande areal blei vurdert til å ha lågt potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Saka har også blitt vurdert av Bergens Sjøfartsmuseum. I høve e-post datert 13.10.2016, kjenner dei ikkje til marine kulturminne knytt til vassdraga som kan bli råka av arealinngrepa.

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har difor ingen vidare merknader til konsesjonssøknaden, men vi gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bergkunst, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn. Meldeplikta gjeld også dersom ein under arbeid i vassdraga finn marine kulturminne.

Med helsing

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Tore Sløning
spesialrådgiver | arkeolog

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Registreringsrapport